

Paa nuten

Tone: Min ven jeg vil fortelle om vores fiskeri

- 1) Eg kjem ihug so ofte – eg skulle taka paa
ein tvo-tre dagar skofta, og leggja spaen aag
Det sviv meg eit og anna so er no radt forkjært
Eg trur einkvar maa sanna at mykje er forkjært
- 2) Det er no so me vita – einkvar vil gjerne sjaa
at han får godt aa eta og mjukt aa liggja paa
men folk er so forskjella, ein del er vrang og lei
vil ha det lett og billig – kann aldri einast nei
- 3) Ein masse er so skikka – dei berre klaa og faa
D'er berre mat og drikka – det gjeld aa klina paa
Og tidi gjeng i frase – dei hava raad til da
naar løn og apanasje utyver grensna ga
- 4) Dei gamle lova kasta og nye koma paa
me skal 'kje dette lasta – der er 'kje onnor raad
Med lov skal landet byggjast – det veit me kvar og ein
med lov skal folket tryggjast i kyrkja og i heim
- 5) Ein lov som kunne tryggja dei arme og ein sum
og gje dei gamle hyggja i deira alderdom
Og alle helselause som gjeng den tunge vei
Bør staten vera tause, og laasa att for dei
- 6) Ja alle gamle kjære som trutt ha strævt og balt
og livt vaart folk til ære – ha skatt og toll betalt
Den store arbeidsklassen i kvar ei arbeidsgrein
- den store, store massen uti dei tusund heim
- 7) Den gamle stakars fiskar som heve li' so vondt
aom uti storm og hiskar ha tumla havet rundt
No er han klar og ferdig – han sit i hytta matt
Kva trur du han er verdig – høyr skal han gløymast radt
- 8) Den gamle stakars murar med alle sleggjeslag
som uti fjell og urar hev slit aar og dag
No du'r han ikkje lenger – han kryp i framand kraa
Kva meiner du han trengjer – Hør bør han noko faa?
- 9) Den gamle kjære sjømann – kaptein, matros og los
seg meg kor vil du dømm'an kva hev han gjort for oss
Kor høgt vil du vurderer det gagn dei heve gjort
Høyr! Skal me fort marsjera og gløyma dess burt?
- 10) Den gamle stakars kjære skomakaren som sit
og slær inn pluggar berre og stryk på traaden bek
Og likeeins dei kjære som syr oss vakre klær
til folkets gagn og ære bør dei faa noko her

11) Og so den gamle smeden som uti hete staar
den heile dag med steen – det dryp av kvart eit haar
Og so dei gilde sveinar som ofra der si tid
Seg meg kva no du meinat – skal me dei gaa forbi?

12) Og so dei mange kjære som staar og stryk paa bord
- som byggja hus so svære i landet sud og nord
Og alle dei som maala og fargar alt so pent
og alle dei som bala og gjera landet vent

13) Og so du gamle bakar – som natt og dagljose dag
hev laga brød og kakor og det av ymse slag
no er du trøytt – og lenger du ei kan baka brød
men enno brød du trengjer – du er 'kje enno død'

14) Og so du gamle bonde – som gaar so bøygd og krom
og slit paa dagar vonde – mjølhiti ho er tom
Du maatte byggja, rydja- du var 'kje likesæl
Men enno treng du tyggja – aa ja det maa du vel

15) Dei høge store herrar med tusunder i løn
som aka seg i kjerra – i kjolar blaa og grøn
Dei bør 'kje vera dauve – gaa desse folk forbi
um dei er sutalause – her nok aa rota i

16) Det er pensjon eg meiner det norske folk maa faa
men ikkje dei aaleine som hava kjolar paa
Lat rett og sanning gjelda i alt vort yrke her
at so me alti stella – at hjelpi naar einkvar

17) Eg er no so forvoven – eg syng det vidt og breidt
- me venta paa den loven som dela maten greidt
Den loven er den beste – han er 'kje komen ut
Kvar hjelpa skal sin neste - Det er det store bud